



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 22.02.2016  
**Stad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 13.00  
**Tilstade:** Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), Sven Olav Saltnes (vara),  
Siv Beate Marøy (vara) og Arne Manger (vara).  
**Innkalla:** Rådmann Jarle Landås (til sak 04/16) og ordfører Jon Askeland (til sak 05/16  
og 06/16)  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem) og Ane Ottesen  
(medlem)

---

### 01/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 02/16 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte 7.12.15 var godkjent.

### 03/16 Skriv og meldingar

- a. KS-vedtak 055/2015 – forvaltningsrevisjon barnevern
- b. Engasjementsbrev frå Nordhordland Revisjon IKS
- c. Orientering om nr. brev nr 12 – Dokumentet er ikkje offentleg, jf. Koml §78 nr 7

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### 04/16 Orientering om KU sak 38/15A

Denne saka vart utsett og handsama etter sak 07/16.

**Frå sist møte i kontrollutvalet 07.12.15:**

***38/15A. Brev til kontrollutvalet***

*Saksvedlegg: Saksdokumenta er unntatt offentlegheit med heimel i offentleglova §13 og forvaltningslova §13 og vert lagt fram i møte.*

*Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*

**A. Samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet vel å sende saksdokumenta vidare til rådmannen, og ber om å få ei tilbakemelding frå rådmannen til neste møte i kontrollutvalet.*

Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.

Rådmann Jarle Landås orienterte om saka.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**05/16 Prosjektplan forvaltningsrevisjon barnevern**

Vedlegg: Prosjektplan: Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta, Radøy kommune 2016.

Revisjonen har utarbeida eit forslag til prosjektplan der ein skal sjå på rutinar i barnevernstenesta.

**Føremål:**

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å belysa Radøy kommune sine styringssystem i høve til sentrale lovkrav innan barnevernstenesta.

**Overordna problemstilling:**

Har Radøy kommune rutinar som sikrar etterleving av sentrale lovkrav for barnevernstenesta?

1. Har barnevernstenesta eit system som sikrar tilfredstillande oppfølging av born med særlege behov, og familiane deira?

**Tidsplan:**

Prosjektet vil truleg starta opp fyrste halvår 2016, og prosjektet kan handsamast i kontrollutvalet i løpet av hausten 2016.

Kontrollutvalet diskuterte forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta, og såg på fokusområder for revisjonsrapporten og revisjonskriterium.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok å bestille prosjektet slik det var presentert frå revisjonen i prosjektplan.

## 06/16 Plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg: Overordna analyse, grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon januar 2016

I følgje kommuneloven § 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i §10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med forslag til aktuelle område for forvaltningsrevisjon. Ut i frå dagens ressursituasjon, vert det antyda at kontrollutvalet kan prioritere 2- 3 område for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.

Med bakgrunn i denne analysen var der følgjande forslag til område som kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Vedtaksutforming – stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Arkivtenesta: rutinar og organisering
- Status for kommunale planar – vurdering av prosess og måloppnåing
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og rollar
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov
- Kommunen som skuleeigar
- Skulefritidsordning (SFO) – ressursbruk, omfang og kvalitet på tenesta
- KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Miljøplanlegging i kommunen
- Økonomistyring (er sett på i perioden 2003 – 2007)
- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring
- Barnehageområdet - korleis forvaltar og driftar kommunen dette tenesteområde
- Barnevern
- Korleis sikrar kommunen at dei får del i dei aktuelle øyremerka tilskotta
- Korleis sikrar kommunen at dei får inn dei salsinntektene (kan vere foreldrebetaling SFO og barnehage, vatn og avløp) som dei har krav på
- Byggesak/plan, organisering m.m.

Kontrollutvalet vurderte dei ulike temaområda og gjorde ei heilskapleg prioritering.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen sin satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren.
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at politiske vedtak vert følgt opp?

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir

aktuelt. Omfanget av prosjekta vert bestemt ut i frå revisjonen sitt timetal til rådighet for forvaltningsrevisjon, denne er for Radøy kommune estimert til ca. 1250 timer i løpet av perioden. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune er bestilt etter vedtak i kommunestyret.

**Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen sin satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren.
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at politiske vedtak vert følgt opp?

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

**07/16 Kontrollutvalet – ansvar, oppgåver og organisering**

Saksvedlegg: «Kontrollutvalet Radøy kommune – ansvar, oppgåver og organisering», notat frå sekretariatet.

Det føreligg eit forslag til eit dokument for kontrollutvalet om ansvar, oppgåver og organisering.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Radøy kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

**08/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**


**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ønskjer tilgang til møteportalen. Kontrollutvalet minner også om at møteinnkallingar og protokollar skal vert oppdaterte og gjort tilgjengeleg fortløpande på kommunen sine heimesider.

**09/16 Eventuelt**

Neste møte i kontrollutvalet vert 13. april kl. 09.00.

Manger, 22. februar 2016

  
Arild Tveranger/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær